



MOWI ASA
Postboks 4102 Sandviken
5835 Bergen

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gunn Helen Henne, 5764 3140

Rapport etter tilsyn hjå Mowi ASA – Kvinge S

Kontrollnummer: 2024.308.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn den 28.10.2024 med Mowi ASA (organisasjonsnummer: 964 118 191) sitt landbaserte akvakulturanlegg på lokaliteten Kvinge S. Ved ein feil frå vår side har ikkje rapporten blitt sendt ut då den skulle, det beklagar vi.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Utsleppa frå anlegget bryt med vilkåra i utsleppsløyvet

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Mowi ASA må snarast rette opp avvik. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. september 2025, som viser korleis de har retta avvik, og eventuelt ein tidfesta handlingsplan for å rette det som står att.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Innrapporteringa av miljøgranskingsrapportar og -data kan bli betre

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De må betale gebyr

Mowi ASA må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til svlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnr. 2022/4083.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Utsleppa frå anlegget bryt med vilkåra i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet frå 2014, vilkår 3.1, jf. vilkår 1, vilkår 2.2 fjerde ledd, og vilkår 3.2.3 , vilkår 11.2 og vilkår 3.3

Om krava:

- Verksemda har fått løyve til ein produksjon på inntil 670 tonn biomasse per år, med eit stipulert fôrforbruk på 830 tonn per år, og utsleppsmengder etter reinsing av avløpsvatnet på mindre enn: 36 tonn organisk stoff, 72 tonn BOF5, 35 tonn totalnitrogen og 3,5 tonn totalfosfor per år (vilkår 1). Utsleppsmengdene skal følgje produksjonen proporsjonalt ved at ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået skal føre til ein tilsvarende reduksjon i utsleppa (vilkår 2.2).
- Reinsinga av avløpsvatnet skal oppnå ei partikkeloppsamling som på årsbasis gir minst 60% reduksjon av organisk stoff /TOC (vilkår 3.2.3):

Tabell 1. Reinsekrav for avløp.

Utsleppskomponent	Måleparameter	Reinsekrav	Midlingstid	Målefrekvens
Suspendert stoff	SS ⁷ (partiklar >0,45 µm)	minst 70 % reduksjon	1 år	Døgnblandeprøve, minst 12 gonger per år
Organisk stoff	valfritt målt som KOF ⁸ , BOF5 ⁹ eller TOC ¹⁰	minst 60 % reduksjon	1 år	Døgnblandeprøve, minst 4 gonger per år

Sjå og punkt 11.2 i løyvet.

- Oppnådd reinsing og utsleppsmengder skal dokumenterast gjennom eit måleprogram som inngår i den dokumenterte internkontrollen. Måleprogrammet skal m.a. sikre rett prøvetaking og tilstrekkeleg mange og representative prøver, omtale metodar og modellar for utrekningar av utsleppa, og vurdere usikkerheit i resultata (vilkår 11.2).
- Utsleppsløyvet har sett krav til utsleppsstaden for avløpet (vilkår 3.3): «*Avløpsvatnet skal først til ei djupne og på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg. Utsleppsposisjon skal sikre minst moglege negative effektar både ved utsleppstaden og resipienten. Ureina vatn skal ikkje blir ført attende til strandsona. Statsforvaltaren skal haldast informert om posisjon og djupne på utsleppet.*»

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

- Verksemda oppnår ikkje god nok reinsing og må gjere tiltak for å betre dette. Reinse – og slambehandlingsanlegget er under ombygging, og fôringsystemet er planlagt endra. Reinsing og slamoppsamling vert oppretthalde også under ombygginga. Alt slam blir i dag frakta bort som vått slam utan tørking.
 - Verksemda har brote dei årlege utsleppsgrensene for fosfor (P) og totalt organisk karbon (TOC) i 2022 og 2023. Utsleppa av P er berekna til 3,7 og 4,2 tonn dei to siste åra (6-19 % over grensa i løyvet). Utsleppa av TOC er berekna til 45 og 67 tonn/år (25-86 % over grensa i løyvet).
 - Verksemda har brote dei spesifikke utsleppsgrensene for P og TOC i 2022 og 2023. Utsleppa av P er berekna til 7,8 og 6,9 kg/tonn dei to siste åra (51 og 33 % høgare enn grensa i løyvet). Utsleppa av TOC er berekna til 95,3 og 111,1 kg/tonn (78 og 107 % over grensa i løyvet).
 - Verksemda har ikkje oppnådd reinsekravet i løyvet på 60% reduksjon av organisk stoff. Den høgaste reinseprosenten som er oppnådd i tala som er rapportert inn til Statsforvaltaren for Kvinge S er ca. 40 % målt på TOC (2019, 2021), men dei to siste åra har tala vore nede i 12 % og 18 %.

Utsleppsløyvet er tufta på dei opplysningane som vart gitt i søknaden og på det kunnskapsgrunnlaget som låg føre då løyvet vart gitt. Vi presiserer at det er verksemda sitt ansvar å innrette seg etter løyvet eller eventuelt søke om endring av løyvet, dersom dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet.

Tilleggsopplysning:

Statsforvaltaren har i etterkant av tilsynsdagen behandla ferdig søknad om ei utviding av utsleppsløyvet for anlegget på Kvinge S. Vi gjer merksam på at utsleppsmengdene dei siste åra også ville ha kome i konflikt med nokre av dei utsleppsgrensene som er sett i det nye løyvet frå 25.11.2024. Reinseresultata må difor verte betre enn dei har vore til no, for at ikkje framtidig drift skal bryte med det nye løyvet sine grenser.

- Verksemda manglar eit heilskapleg måleprogram i utsleppskontrollen
Mange av bestanddelane som skal vere med i måleprogrammet er til stades, men det må setjast saman til eit fullverdig og skriftleg dokumentert måleprogram.


Rutinar og prosedyrar i internkontrollen må sikre at måleprogrammet gir den dokumentasjonen som verksemda treng for å følgje med på om dei driv i samsvar med krava i utsleppsløyvet.

Verksemda oppbevarte ikkje vassprøver for døgnblandeprøve kjøleg fram til innsending for analyse. Dette vil redusere kvaliteten på resultatane. Dersom verksemda skal halde fram med å analysere på vassprøver, må det sikrast forsvarleg prøveuttak og prøvehandtering.

- Utsleppspunktet har gjennomslag til overflata, og utsleppa påverkar strandsona.
Ved synfaring ute på anlegget, var det tydeleg at utsleppa frå anlegget ikkje vert innlagra og innblanda på ein god nok måte.

Avløpsvatn frå anlegget hadde tydeleg gjennomslag til overflata, sjå bilete under.

Den siste strandsonundersøkinga frå 2021 viste groe og reduserte miljøtilhøve i fjøra. Dette er ikkje i samsvar med kravet i løyvet og verksemda må gjere tiltak for å minske påverknaden på strandsona.



Utsleppspunktet kunne tydeleg sjåast som ein ring der avløpsvatn frå anlegget ved Kvinge S hadde gjennomslag til overflata. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.

Merknad 1: Innrapporteringa av miljøgranskingsrapportar og -data kan bli betre

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

- Innrapportering av rapportar frå miljøgranskningar til det offentlege bør skje via Altinn, ettersom rapportane då vert delt mellom fleire sektormyndigheitar
- Data frå eldre miljøgranskningar (2016) bør registrerast i Vannmiljø, for å få eit fullstendig bilete av utviklinga i miljøtilstand i resipienten

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Mowi ASA må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette tilsvarer sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varighet og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr som vart gitt på tilsynet, og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Mowi ASA sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er del av ein nasjonal tilsynsaksjon med landbaserte akvakulturanlegg og er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Gunn Helen Henne
- Julie Marie Andersen

Kontaktperson hos verksemda:

- Ruben Sætre
- Johanne Kleppe

Anlegg

Følgjande av Mowi ASA sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Kvinge S

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utsleppskontroll for utslepp til vatn
- Reinseanlegg
- Internkontroll
- Slamhandtering
- Miljøovervaking

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) og tilhøyrande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften)
- Anlegget sitt løyve etter forureiningslova, datert 10.09.2014 (utsleppsløyvet)

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapportering til Statsforvaltaren om utslepp til vatn frå åra 2019-2023
- Diverse miljøgranskingar, frå 2009, 2014, 2016 og 2021
- Internkontrolldokumentasjon, m.a. delar av miljørisikoanalysen, skriftlege rutinar for utsleppskontrollen

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Løyvekrav 2014 og 2024

Anlegget er kontrollert mot rammer og vilkår i løyvet etter forureiningslova frå 2014, ettersom det er desse krava som var gjeldande for dei åra vi har kontrollert utsleppsrapportering frå. Endring av løyvet i 2024, og klage på dette, er følgt opp utanom dette tilsynet.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på <https://einnsyn.no/>, i tråd med offentliglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Masfjorden kommune